

Skulepolitikk på kollisjonskurs med ungdomspolitikken

Ungdommar verte ofra på det marknadsliberale alteret dersom studieplassar ved Dale vidaregåande skule i Fjaler vert skrota.

Ungdommar i HAFS-regionen som har satsa på vidaregåande opplæring innan fagområde dei trudde var framtidsretta når dei søkte etter ungdomskulen. Unge som satsar på fagområde innan helse-, bygg- og industrimekanikarfag står no i fare for å verte svikta av politikarane i Vestland fylkeskommune. Skulebyråkratane i Vestland har føreslege å kutte VG klassar ved Dale vidaregåande skule. Dette får store konsekvensar, både økonomisk og sosialt for dei unge. Ungdommen har vakse opp og trudd at dei kan bu heime under den vidaregåande opplæringa. Slik vert det kanskje ikkje. Konsekvensane er også store for utdanningsinstitusjonen der det er bygd opp god kompetanse og solide fagmiljø.

Yrkesfag har stått på den politiske agendaen i fleire år. Dei unge har svara på oppfordringane dei har fått om å satse på yrkesfaglege utdanningar som næringslivet og velferdstenestene ropar etter. Arbeidskraft dei mange vikarbyråa jublar over at det manglar. Dette har fått lite eller ingen plass i saksutgreiinga.

At det er færre søkarar eitt år ser ut til å trumfe argumenta som understøttar eit berekraftig distrikt der utdanning er ein sentral bærebjelke. Kvar ein utdannar seg, kvar vennene utdannar seg, kvar ein har helge- og feriearbeid under utdanninga er viktig for den enkelte under ungdomsutdanninga. Det handlar altså om sosiale relasjonar og tilknytning til arbeidslivet og fellesskap. Alt dette er viktig moment for framtida til dei unge. Framtida vert mellom anna forma av kva ein utdannar seg til, kva utdanningsinstitusjon ein tilhøyrrer og kva læreplassen ein får tilgang til så vel som etter at ein har fått fagbrev når avgjerande val om arbeidsplass skal gjerast for framtida.

Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring. Dei unge har ein så kalla ungdomsrett. Det vil seie rett til vidaregåande opplæring frå og med fylte 15 år. Juridisk sett har ein ikkje rett på det programområdet ein prioritetar høgst, da det kanskje ikkje finns på den næraste utdanningsinstitusjonen. Men, når det aktuelle tilbudet har eksistert ved Dale VGS frå ungdommen starta grunnkurset no står i fare for å verte lagt ned, vert ungdomsretten sett under sterkt press. Dette meiner vi nettopp bryt med den eigentlege ideen som ligg til grunn for ungdomsretten.

Når det no vert peika på det marknadsliberale alteret er det eit uttrykk eller symbol for at nedlegging av yrkesfaglege linjer ved Dale vidaregåande skule handlar om ein marknad der elevar vert gjort til objektive størrelsar som har ein prislapp. Realiteten er at det handlar om den oppveksande generasjon som skal oppretthalde trua på politikarar og framtida og fylle viktige samfunnsfunksjonar i distriktskommunane. Det førebyggjande aspektet i dette vil vi oppfordre å ta på alvor. Og vi ber politikarane som skal avgjere denne saka til ungdommane sin fordel ved å prioritere dei pengane som skal til for å vise at ein satsar på dei unge og ikkje ofrar dei på dette alteret.

Kjersti Valvik
Kommunalsjef helse og omsorg
Fjaler kommune

Rolf Horne
Kommunalsjef helse og omsorg
Hyllestad kommune